



Vår saksbehandlar  
Terje Øvrebø – tlf 57 72 32 51  
E-post: tov@fmsf.no

Vår dato  
19.12.2005  
Dykkar dato

Vår referanse  
2005/5694 - 532.1  
Dykkar referanse


Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep  
0030 OSLO


Landbruks- og matdep.	
Saksnr:	2005 1753
Doknr:	75
Monat:	23 DES 2005 ASP/JUR
Sakerenr:	ASU
Ark:	161
Råd:	
Avskr:	

## Ny forskrift om skogfond m.v. - Høring

Vedlagt følger kopi av fylkeslandbruksstyret i Sogn og Fjordane si møtebok, dokumentliste og eventuelle vedlegg så langt dei vedkjem ovannemnde sak.

Med helsing

  
Per Ingolv Nygård  
landbruksdirektør

  
Hans Fr. Lauvstad  
senior rådgjevar

Vedlegg: Utskrift av møteboka for fylkeslandbruksstyret



# MØTEBOK

FYLKESLANDBRUKSSTYRET I SOGN OG FJORDANE

Side 1

Saksnummer: 140005-10005 DIV	Kommune:
Møtedato: 16.12.05	Sakshandsamar: Hans Fr. Lauvstad

## Høyring – Ny forskrift om skogfond mv.

Ved brev av 28.10.05 har Landbruks- og matdepartementet sendt ny forskrift om skogfond mv. på høyring til m.a. fylkeslandbruksstyra og fylkesmennene. Kopi av høyringsbrevet og forskriftsutkastet ligg ved.

På vegne av Fylkesmannen vil landbruksdirektøren kome med følgjande merknader til utkastet:

### § 2- 2 Sats for avsetjing til skogfondet mv.

Merknad til siste ledd.

Tilfelle som omtala, vil etter vår meining særleg vere aktuelt i samband med levering av ved. Med dagens pris på lauvtretømmer til ved, kr. 350,- pr. kbm., vil skogfondsavsettinga utgjere i overkant av kr. 500, dersom satsen er 10%, ved hogst av 15 kbm. eller 10 famner. Vi meiner det er rett prinsipp, og at grensa er rett, når det ikkje vert innført fondsavsettingsplikt på kvanta som 10 famner ved eller 15 – 20 kbm. tømmer.

### § 2-3

#### Skogfondsats utan melding.

Her meiner eg det er eit underliggende prinsipp om at det skal sikrast nok skogfondmidlar til å få opp ny gjenvekst., ved t.d. planting eller markriving. Bidrag vil koma i tillegg til fondsmidlar. Med 20 kbm/daa eller meir, vil fondsmidlar saman med forventa bidrag vere nok til å sikre planting eller markriving. Ved lågare kubikkmasse, slik vi har i fureskog, vil 10% ikkje vere nok til økonomisk å sikre forynging. § 3 -2 omtalar også skogkultur som det viktigaste føremålet for skogfondet.

### § 2-5 1 og 2 i siste opplisting

Her er det ei god opplisting som seier korleis framande treslag ska registrerast i høve til gran og fure.

Malmretslaga er for seg. Vi meiner hemlock, som ikkje har malme, difor bør flyttast til opplistinga under pkt. 1, industrivirke av gran.

### § 3-1 1.2.

Her legg vi til grunn at det også gjeldt tiltak mot dei fysisk store skadegjerarane, elg, hjort og rådyr.

Når det gjeld miljøtiltak, meiner vi at meirkostnader i prinsippet bør dekkast ved tilskott. Dersom det likevel blir eigenandel, bør skogfondsmidlar dekke eigendelen.

**Siste ledd: Det er særst viktig for at det blir gjeve høve til å bruke skogfondsmidlar med skattefordel også til nybygg av skogsveggar.**

# MØTEBOK

FYLKESLANDBRUKSSTYRET I SOGN OG FJORDANE

Side 2

Saksnummer: 140005-10005 DIV	Kommune:
Møtedato: 16.12.05	Sakshandsamar: Hans Fr. Lauvstad

## §5-2 Kontroll

Vi ser at kontrollrutinane det er lagt opp til, bare gjeld at tiltak er utført, ikkje kontroll av at det blir betalt inn fondsmidlar ved avsetningspliktig sal. Vi trur det ville ver rett å ta med også noko om slik kontroll.

**I samsvar med fullmakt frå Fylkesmannen gjer landbruksdirektøren slikt framlegg til vedtak:**

Fylkeslandbruksstyret syner til landbruksdirektøren sine merknader, og sluttar seg i all hovudsak til det som der er sagt.

SAMBØYSTES VEDTAK:  
Fylkeslandbruksstyret er  
samt med landbruksdirektøren.